

ÅTTA AUGE RUNDT EIT BORD

PROSJEKTSKILDRING FORPROSJEKT 2016

"Det er utrolig hva barn kan glemme, og hvor fort et barns sorg kan være liksom oppløst i intet? - Men det er like sant at barn kan oppleve noe sånn så det aldri glemmes, og det mens det står og går midt imellom voksne mennesker som ikke aner at det skjer noe. Inntrykk synker dypt inn i det åpne sinn, tilføyer det sår som aldri heler..." Sigrid Undset

Kvart år opplever 30.000 norske barn at foreldra blir skilt og at familien vert oppløyst. Vi kjenner til nokre av konsekvensane knytt til ein skilsmisse, men biletet er samansatt. På den eine sida seier fagkyndige at traumar knytt til ein skilsmisse kan samanliknast med traumer som krig og naturkatastrofar, medan andre roar oss med "at det går som regel bra med skilsmissebarna". Men kva veit me eigentleg om det som rører seg i eit barn etter å ha opplevd foreldra gå ifrå ein annan? Og, kva konsekvensar ser ein i det lange løp, inn i livet som "skilsmissegaksen"?

"En skilsmisse er ikke en hendelse, men en tilstand", seier psykolog og samlivsterapeut Sissel Gran. ÅTTA AUGE RUNDT EIT BORD vil bli utspela frå ein "skilsmissegaksen" sitt perspektiv. Framsyninga skal kasta lys på kva som kan røra seg i eit menneske som ber på denne erfaringa, som jo er blitt så vanleg, men som for mange likevel står som ei dramatisk og traumatiserande erfaring frå barndom eller ungdomstid. Vi skal med framsyninga møta eit ungt og vakse publikum med håp om å opna for ei djupare forståing og ein større refleksjon rundt kva ei slik erfaring kan medføra. Som ein naturleg del av arbeidet vil også tema som identitet, empati, relasjonar, tilgjeving, forsoning, fellesskap og familie bli famna om.

"Noen får et sår som aldri blir leget, for de fleste barn vil såret imidlertid gro, men selv sår som gror etterlater seg vanligvis arr..." Robert Emery

Materialet til framsyninga blir utvikla gjennom ein djuptgåande og detaljert research av fakta og bakgrunnsmateriale knytt til temaet. Vidare vil dei involverte i prosjektet dela eigne erfaringar som skilsmissebarn. I dette arbeidet blir dagbøker, minner og refleksjonar tekne inn i ein skriveprosess kor teknikkar som "free writing" vil bli brukt. Kort forklart er dette "skriving gjennom bevissthetssstrømmer", kor ein skriv fritt i eit gitt tidsrom, ut frå gitte spørsmål eller vinklingar. Skrivegruppa består av 10 inviterte skilsmissebarn av ulike aldrar og kjønn, dette for å få ei meir samansatt gruppe, og slik eit større mangfold av erfaringar inn i prosjektet. For å skapa fleire nyansar i prosjektet, vil vi også intervjua born og ungdom om temaet "familie". Kva betyr det eigentleg å ha familie? Ville ting vore annleis om vi ikkje hadde familie? er spørsmål som vi gjerne tek med oss inn i desse samtalane.

Utover dette forarbeidet, vil allereie gjennomførte samtalar med fagkyndige, som Ottar Næss i Trondheim, og Magne Raundalen i Bergen, samt eit planlagt intervju med Sissel Gran i Oslo no i mars, gje ei ytterlegare djupna til kjeldemateriale. Frode Thuen, Ingunn Størksen, Øystein Iversen og Toril Reitan er andre fagpersonar som blir viktige medspelarar her. Med deira ulike vinklingar og tydelege engasjement inn mot temaet "skilsmissé" i både fagartiklar i nasjonale tidskrifter, og debattar og kronikkar i nasjonale media, vil dei alle gje gode bidrag inn mot prosjektet. Nokre tilbakemeldingar frå somme av dei overnemnte inn mot prosjektet oppmunstrar oss til arbeidet som ventar;

"For et flott prosjekt!" – Sissel Gran

"Det her blir så spennandes, æ gler mæ til å sjå!" – Ottar Næss

"Lykke til med arbeidet – dette er kjempesiktig!" – Magne Raundalen

Dei fagkyndige i prosjektet vil også kunna dela refleksjonar rundt nokre av dei utfordringane vi står ovanfor i dag mht til dømes det individuelle fokuset som står så sterkt, opp mot familien og fellesskapet, som jo for mange tross alt står som den viktigaste verdien i livet. Med dette får vi eit spenn i framsyninga som strekker seg frå eit nært, individuelt og emosjonelt plan, til eit universelt og samfunnsmessig plan som opnar for ein større refleksjon rundt temaet.

Etter djuptgåande arbeid med materiale ovanfor, vil vi sjå kva "kjernekpunkt" som utpeikar seg. Med det meiner vi at vi finn det mest lada og interessante materiale og tar det med oss inn i neste del av prosessen. I denne fasen vil vi jobba med fysiske, tekstlege, musikalske og visuelle element som så får springa ut frå "kjernekpunktta" vi har valt å jobba vidare med. Kunstnarisk ansvarleg og utøvar Karina Opdal, vil i dette arbeidet gå på golvet og jobba med fysiske, tekstlege og musikalske prosessar som vil innebera improvisasjon som eit verktøy inn mot utvikling av idear og materiale. Noko av dette forarbeidet skal Karina gjera under ein kunstnarresidens til rettelagt av Bergen kommune ved The Arts Printing House i Vilnius i mars/april 2016. Saman med scenekunstnar Lene Johansen Kløvstad, som også skal forska i liknande materiale inn mot ei eigen soloframstilling, vil Karina forska i eit utrykk kor bevegelse, tekst og vokal vil veksle mellom å vera primære, sekundære og jamnstile fokus i utøvinga. I dette blir det viktig å erfara korleis dei nyanserte ladingane som er knytt opp til den komplekse tematikken får stemma uttrykket. Eit lydhørt og modig arbeid ventar her. Karina er ein allsidig scenekunstnar med tverrfagleg kompetanse og erfaring, men sjølv om ho tidlegare har jobba med samansatte og tverrestetiske sceniske uttrykk, blir dette eit nytt terrenge å bevega seg inn i. Ho ser difor verdien i å vera to i prosessen med å planlegga, gjennomføra og reflektera rundt eit slikt samansatt forarbeid. Ved å involvera ein annan kunstnar med ein beslektad arbeidsmetodikk, kan dei bytta på å vera «outside eye» for kvarandre, samtidig som dei kan utveksla erfaringar og utfordra kvarandre i arbeidet.

Utover dette arbeidet vil Karina involvera lyddesignar Thorolf Thuestad forå utvikla eit auditivt og musikalsk samspel inn mot det fysiske og tekstlege skisse materiale. Karina ynskjer å gå i djupna på korleis ein best finstemmer eit auditivt uttrykk inn mot eit så komplekst scenespråk. Kva ladingar kan eller bør ligga i musikken, og kva nyansar? Korleis kan lyd og musikk trigga djupare prosessar? Korleis vil det best underbygga, og kontrastera inn mot materiale? Og, korleis vil Karina som utøvar påverka dette arbeidet med det materiale ho har jobba fram i dei fysiske, tekstlege og vokale prosessane på golvet?

Scenograf Silje Sandodden Kise deltar også i researchfasen. Når kjernekjerna er plukka ut, vil ho bearbeida dette materialet til idear for stemningsskapande rom og visuelle element som kan belysa fakta- og tekstgrunnlaget frå nye vinklar. Ho vil også undersøka korleis dei visuelle ideane kan påverka både tekst, musikk og fysisk materiale. Ho vil i dette delvis jobba på eit arbeidsstipend frå Bergen kommune, øyremarka parallel utvikling av scenografi, tekst og musikk. Arbeidet vil føregå både individuelt og i workshops med dei andre i teamet, for å testa ut korleis dei ulike elementa vil påverka kvarandre.

Vi ynskjer å skapa ei ærleg skildring og ei framsyning som vil utfordra, vekka og lindra både sansar, sinn og hjarta hjå publikum. Hovudmålgruppa vår er ungdom og unge vaksne, og vi ynskjer å utfordra dei med ei forteljarform som overraskar og engasjerer. Vi vil difor jobba med eit uttrykk som vekslar mellom det emosjonelle og det objektive. Ved å kombinera erfaringsmateriale og faktainformasjon på ein uventat måte, ynskjer vi å belysa temaet frå mange ulike vinklar. Korleis denne formen endeleg vil sjå ut, veit vi enno ikkje. Det er dette som er målet med forprosjektet; korleis behandla eit slikt materiale på scenen? Prosessen vil krevja at vi alle vågar å stå i ei kompromisslaus og modig utforsking av eigne erfaringar, for deretter å raffinera eit komplekst scenisk uttrykk som skapar samanhengar mellom det objektive og det emosjonelle, i abstrakte og konkrete uttrykk.

“...dersom trykket er stort nok, vil sorgene bli til diamanter!” Rolf Jacobsen.

For realisering og gjennomføring av ÅTTA AUGE RUNDT EIT BORD, er vi tildelt speletid på Cornerteateret i januar 2017. Skulle vi sjå at vi treng meir tid med omsyn til fullfinansiering av prosjektet, vil vi i samråd med produsent for produksjonen Tina H. Engedal setta speletid til eit seinare tidspunkt i 2017. Utover framføringar på Cornerteateret, ynskjer vi å nå ut til eit større publikum med framsyninga. Ståande invitasjonar ved Ivar Aasen-tunet i Førde, Oseana på Os, og Kulturhus på Voss, Bømlo og i Kvinnherad, vil så bli imøtekommne, og gjestespel både her og andre stader i landet vil bli tilrettelagde. Med realisering av prosjektet i 2017, er også Den Kulturelle Skolesekken i Bergen skuleåret 2017/2018 ein naturleg scene for ÅTTA AUGE RUNDT EIT BORD.